



Arkivnr: 2015/2152-1

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.02.2016

Revidering av programområde i Kulturelt utviklingsprogram(KUP)

Samandrag

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) er ei tilskotsordning som skal vere med på å realisere Hordaland fylkeskommune sine kulturpolitiske mål, og er eit verktøy for ein tydeleg og målretta kulturpolitikk. KUP er del av Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) sitt ansvar.

Kulturelt utviklingsprogram har sidan starten i 2010 vore avgjerande for iverksetjinga av mange viktige prosjekt initiert av kulturlivet i Hordaland. Etter fylkesrådmannen si erfaring viser både søknadstilfang og gjennomførte prosjekt at ordninga har svart på behov og utviklingsønskje i breie deler av kulturlivet. Det er difor eit eige tiltak i vedteken Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 å styrkje og vidareutvikle KUP som kulturpolitisk verkemiddel.

Fylkestinget vedtok i desember 2015 å styrkje Kulturelt utviklingsprogram med kr 410 000 (til 6,5 mill). Samtidig vart idrett og friluftsliv inkludert innlemma i ordninga og kan i samsvar med budsjettvedtaket tildelast midlar inntil 500 000 kr/år frå 2016.

KUP er delt inn i fleire programområde. Desse er utforma i samråd med aktørane i kulturlivet. Ein har med mindre justeringar behalde dei opphavlege programområda sidan oppstarten. Slik fylkesrådmannen ser det, skal vedteken Regional kulturplan leggje grunnlaget for innrettinga av Hordaland fylkeskommune sine økonomiske verkemiddel på kultur- og idrettsfeltet. Det er difor meldt tidlegare at ein skulle revidere programområda i KUP etter at Regional kulturplan var vedteke. Denne saka presiserer programområda for perioden 2016-2018.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om følgjande 3 programområde for KUP, gjeldande for perioden 2016 – 2018:

- A. *Formidling og deltaking*
- B. *Samordning og samhandling*
- C. *Kunstløftet - kunstnarleg nyskaping*

Dei nye programområda er nokså like dei som tidlegare var gjeldande, men i tilrådinga er formuleringane knytte til vedtekne satsingar i Regional kulturplan m/ handlingsprogram. Slik fylkesrådmannen ser det, er programområda dermed i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Samtidig er dei relevante for ei breidde av aktørar i kultur- og idrettslivet.

Forslag til vedtak

1. Følgjande 3 programområde for KUP gjeld for perioden 2016 – 2018:

- A. Formidling og deltaking
- B. Samordning og samhandling
- C. Kunstløft - kunstnarleg nyskaping

Programområda skal presenterast slik dei vert gjort greie for i saksframlegget.

- 2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling stadfester gjeldande retningslinjer og vilkår for ordninga, men presiserer at det også kan søkjast støtte til prosjekt innan idrett og friluftsliv frå 2016. Til saman 500 000 kr kan løyvast kvart år til tiltak på desse to felta. Alle prosjekt skal vurderast ut i frå gjeldande retningslinjer og programområde i ordninga.
- 3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber fylkesrådmannen leggje fram sak om oppretting av fagkomité knytt til programområde C. Kunstløft - kunstnarleg nyskaping, innretting og evt. fullmakter til denne.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.02.2016:

Bakgrunn for saka

10. juni 2009 gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 35/09:

«Det vert oppretta eit Kulturelt Utviklingsprogram for Hordaland med Kultur- og ressursutvalet som politisk avgjerdsorgan. Programmet skal vere eit verkemiddel for større programsatsingar innan kulturfeltet».

8. desember 2009 i sak 83/09 vedtok fylkestinget retningslinjer for ordninga. Kulturelt utviklingsprogram (KUP) var dermed etablert som eit tydeleg verkemiddel for større, klart definerte programsatsingar, og for å støtte prosjekt som var initierte av kulturlivet sjølv. I saka vart måla formulerte slik:

Kulturelt utviklingsprogram skal vere med på å realisere Hordaland fylkeskommune sine kulturpolitiske visjonar og vere eit verktøy for ein tydeleg og målretta kulturpolitikk. KUP skal:

- vere eit målretta program med ein tydeleg profil som gir grunnlag for gode spleiselag og krefter til tyngre løft innan større, prioriterte satsingar.
- styrkje det kulturpolitiske samarbeidet nasjonalt og internasjonalt.
- skape nytt initiativ på regionalt nivå.
- styrkje kulturpolitikken som område for samfunnsutvikling.
- styrkje Hordaland fylkeskommune som utviklar av kulturfeltet og kome kulturlivet, institusjonar og organisasjonar til gode.
- fange opp nye initiativ i den regionale kulturpolitikken med vekt på programsatsingar.

Dei generelle retningslinjene og vilkåra for ordninga er førte vidare frå 2009 / 2010. Kulturelt utviklingsprogram var tenkt som eit verkemiddel for å nå kulturpolitiske målsettingar basert på initiativ i kulturlivet. I tråd med intensjonen skal KUP gje rom for større, utprøvande satsingar frå stødige kultur- og idrettsaktørar. Gjennom ei innretning med treårig støtte kan ein m.a. undersøke om prosjekta er tente med å vere tidsavgrensa, eller om det kan utviklast gode tiltak med potensiale til å bli permanente aktiviteter.

Programområde i KUP

Sidan starten har fordeling av midlar i KUP vore knytt til definerte programområde. 16. mars 2010 vedtok Kultur- og ressursutvalet følgjande programområde for perioden 2010-2011:

A. Kunstnarleg nyskaping, B. Samarbeid, C. Nyskapande formidling, og D. Kompetanse.

Desse vart vedtekne ført vidare i 2012 og 2013. Den 18.03.2014, jf sak 38/14, vedtok Kultur- og ressursutvalet ein mindre revisjon – m.a. vart programområde A. noko endra og fekk tittelen *Kunsten i samfunnet*. I saka rådde fylkesrådmannen til at det ikkje vart lagt fram nye programområde før den regionale kulturplanen var vedteke. Denne saka klargjer og presiserer dei nye programområda, gjeldande for 2016-2018.

Jfr sak 83/09 i fylkestinget:

«KUP skal vere basert på dialog og samspel med kulturlivet, og det skal opprettast eit organ som skal drøfte overordna idear, innretningar, fornying og revisjon av KUP. Hovudmålsettinga er å fange opp utviklingstrendar og behov i kulturlivet, som kan styrkje

Bergen og Hordaland som kulturelt tyngdepunkt i Noreg. Organet skal oppnemnst av rådmannen for fire år om gongen, og få namnet Regionalt kulturforum. Regionalt kulturforum skal ha brei representasjon frå kulturlivet og bestå av åtte personar.»

Eit slikt fora har ikkje vore nemd opp ved denne revideringa. Fylkesrådmannen legg til grunn at den svært grundige prosessen i utarbeidinga av Regional kulturplan har teke i vare dialogen og samspelet med kulturlivet og såleis oppfyller dette vilkåret.

Nye programområde og oppfyling av kulturpolitiske mål og tiltak

I PREMISS : KULTUR, kap. 1.2 er Hordaland sin kulturpolitiske visjon formulert:

«Visjonen for Regional kulturplan er å vidareutvikle Hordaland som ein leiande kulturregion. Visjonen gjev uttrykk for ein ambisjon om å vere grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje, og å ta vare på og utvikle verdiar. Kulturlivet i Hordaland skal markere seg på høgt nivå. Visjonen føreset monalege statlege, regionale og kommunale ressursar og samordning av ressursar på tvers av sjangrar, verksemder og forvaltningsnivå. Kultur- og naturarv skal ivaretakast, tradisjonar vidareutviklast og utfordrast og nye uttrykk skal skapast.

Kulturplanen gjev grunnlag for prioriteringar i den fylkeskommunale kultur- og idrettssatsinga og for den samla kulturpolitiske satsinga i fylket. Planen skal sikre mangfald, men også spissing av satsingar og verkemiddel. Planen bygger på regionale føresetnader og skal styrke Hordaland som kulturelt kraftsenter nasjonalt og internasjonalt. Eit viktig siktemål er å identifisere dei områda Hordaland kan posisjonere seg på».

Kulturelt utviklingsprogram er ein viktig reiskap for å realisere denne visjonen. I utarbeidinga av saka har fylkesrådmannen difor lagt til grunn prinsippet om at nye programområde bør grunnjevast i vedtekne mål og satsingar i Regional kulturplan. Samtidig er det lagt vekt på erfaringar frå dei førre programperiodane. Med dei tilrådde programområda vert KUP tydeleg knytt til prioriterte tiltak i kulturplanen sitt handlingsprogram. Samtidig er det sikra kontinuitet mellom tidlegare og nye programområde. Fylkesrådmannen ser det slik at kulturplanen sitt handlingsprogram vil påverke handsaminga av søknader til ordninga, mellom anna for å vurdere tiltaka sin kulturpolitiske relevans.

Med grunnlag i ei systematisk gjennomgang av PREMISS : KULTUR og tidlegare erfaringar frå ordninga gjer fylkesrådmannen framlegg om følgjande 3 programområde for KUP, gjeldande for perioden 2016 – 2018:

- A. Formidling og deltaking
- B. Samordning og samhandling
- C. Kunstløft - kunstnarleg nyskaping

Programområda A og B har vore viktige tema i arbeidet med kulturplanen og er relevante innan alle fagområde, jfr eigne kapittel i saksframlegget. Grunngevinga for programområde C vert omtala under.

Behovet for kunstpolitiske verkemiddel – støtte til produksjon

I læpey av dei siste tiåra har det vakse fram eit sterkt og profesjonelt kunstliv i Hordaland. Arbeidet med Regional kulturplan har gjort tydeleg eit behov for at Hordaland fylkeskommune formulerer og utøver ein *kunst*politikk, som ein del av den breiare kulturpolitikken. Dette krev målretta verkemiddel.

Jf fylkesrådmannen sitt framlegg i sak 38/14 : «Der er imidlertid avdekka eit behov for ei meir reint kunstnarleg vurdering av søknadane innan programområde A – Kunstnarleg nyskaping, slik det til no har vore innretta. Utvikling av det profesjonelle kunstlivet gjennom produksjon og formidling er viktig for Hordaland fylkeskommune, og det bør truleg etablerast eit betre utvikla programområde med vekt på kunstfaglege vurderingsinnretningar frå neste år. Det er viktig å få på plass ei sterkare kunstfagleg vurdering for slik stønad».

I tråd med Regional kulturplan, jf innsatsområde 27, tiltak F i handlingsprogrammet, er det vedteke å styrkje det kunstpolitiske programområdet i Kulturelt utviklingsprogram i 2015 – 2016. Her vert det lagt opp til å betre vilkåra for innhaldsproduksjon; aktivitet og kvalitet mellom kunstnarane i Hordaland vil styrkjast med økonomisk medverknad.

Med slik bakgrunn gjer fylkesrådmannen framlegg om eit programområde som rettar seg inn mot det profesjonelle kunstlivet, og der det er høve til å søkje støtte til produksjon. I programområde C. Kunstløftet - kunstnarleg nyskaping, skal den kunstnarlege kvaliteten veie tyngst. Kunstprosjekt kan også vere relevant innan dei andre programområda, men då skal dei i hovudsak vurderast ut frå ein meir strukturell og breiare synsvinkel. For å sikre armlengds avstanden mellom kunstfaglege og politiske vurderingar vert det tilrådd å opprette og å gje mandat til ein kunstfagleg komité som skal vurdere søknadane i programområde C ut frå reint kunstfaglege synspunkt.

Om idrett og friluftslivfeltet i KUP

I fylkesbudsjettet for 2016 vart KUP styrka med 410 000 kr:

«...tilskotsordninga KUP (Kulturelt utviklingsprogram) vert styrka ..., idrett og friluftsliv vert innlemma i KUP og kan tildelast midlar inntil kr 500 000.(....) Det er i gang ei systematisk gjennomgang og utforming av nye programområde for KUP som er direkte knytt til satsingar i Regional kulturplan. Då kulturplanen legg opp til ein samla politikk for heile kultur- og idrettsfeltet, ser fylkesrådmannen det som naturleg å opne opp for at det kan søkjast støtte gjennom Kulturelt utviklingsprogram også for utviklingsprosjekt innan idrett og friluftsliv. Fylkesrådmannen foreslår å auke budsjettposten med kr 410 000 til 6,5 mill. kr.»

Idrett og friluftsliv er ein viktig del av den regionale politikken. I og med at aktørar innan desse feltene no kan søkje støtte frå ordninga legg fylkesrådmannen følgjande synspunkt til grunn: Det kan vere tenleg å bruke KUP for å stimulere prosjekt som utviklar nye samarbeidsmodellar og tverrfagleg kompetanse, og som utviklar ny kontakt mellom aktørar innan kunst, idrett, friluftsliv og det øvrige kulturfeltet. Vidare kan tiltak som løyser felles utfordringar og problemstillingar, og som har overføringsverdi til fleire deler av kulturlivet, ha stor kulturpolitisk nytteverdi. Ein vil leggje vekt på å samle erfaringar i høve denne endringa av ordninga.

Kulturpolitisk effekt av nye programområde:

Slik ordninga vert innretta i perioden 2016-2018 har fylkesrådmannen ei forventning om at gode KUP-prosjekt innan dei ulike programområda vil vere med på å realisere fleire av dei vedtekte kulturpolitiske måla for Hordaland 2015 -2025:

1. Hordaland skal ha ein offensiv kulturpolitikk
2. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og yringsfridom
3. Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle
4. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv
5. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk

6. Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande
7. Bærekraftig utvikling og forvaltning av landskap, miljø og anlegg skal gje grunnlag for eit rikt kulturliv over heile fylket.
8. Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping

Utfyllande utgreiing om dei enkelte programområda

A. Formidling og deltaking

Formidling og deltaking er tittelen på kap. 4.2 og 5.2. i *PREMISS : KULTUR*, men temaet grip også inn i mange av dei andre kapitla og innsatsområda.

I kulturplanen har kapittel 5.2 følgjande underpunkt: Demokrati og kulturkritikk, Digital almenning, Inkludering og Nynorsk kulturstrategi. Fleire stader i *PREMISS : KULTUR*, og spesielt i kap 4.2. og 5.2 er formidling og deltaking omtalt og vektlagt:

Kultur er ein del av samfunnet sitt medvit og uttrykk. Diskusjon, debatt og kritikk veks fram av ulik tolking, ulik oppleving og ulike preferansar. Dette fremjar demokrati, mangfald, samfunnsansvar og deltaking. (...)I mange tilfelle treng ein som publikummar hjelp til å nærme seg og trenge inn i eit kunstverk eller kulturuttrykk. Formidling er difor ein naudsynt og naturleg del av kunst- og kulturlivet. (...) Det er òg ei utfordring å fremje inkludering og deltaking for alle innbyggjarane i heile fylket. Alle skal ha like moglegheiter til deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk-, kulturell- eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne.

(...)Sjølv om Hordaland er prega av stor aktivitet på kulturområdet, er det eit mål at ein større del av befolkninga tek del i kulturlivet. Det er viktig å auke innsatsen innan formidling og publikumsutvikling. Dette handlar ikkje berre om å telje publikummarar og aktive deltakarar, men også om å nå nye kulturbrukarar (...)

Inkluderingsmeldinga peiker på at: «Inkludering går ut på å fjerne barrierar for deltaking, anerkjenne ulike stemmer og å skape like moglegheiter for alle individ og grupper på alle samfunnsområde.» Framleis er det slik at både grupper og enkeltpersonar frå ulike samfunnslag og med ulik kulturell bakgrunn, kan oppleve hindringar i møte med kulturlivet. Desse kan vere fysiske, mentale, økonomiske. Ein grunnregel i Hordaland sin kulturpolitikk skal vere å kontinuerleg arbeide for å fjerne slike hindringar, og dermed opne kulturfeltet opp for alle. Deltaking i kulturaktivitetar er ein måte å høyre til i samfunnet på.(...)

Det er viktig å skape rom til vidareutvikling, utprøving og pilotprosjekt gjennom KUP. Det kan vere naudsynt med særskild tilrettelegging for nokre grupper. Dette er oftast vanskeleg å få til under den ordinære drifta og KUP kan såleis gje høve for dette. T.d. innan innsatsområde 5 – Inkludering er det klare prioriterte tiltak som går på å styrke mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild tilrettelegging, m.a. ved å tilrettelegge informasjon for ulike brukargrupper. I innsatsområde 26 - Vegene inn i kunstlivet vert det stadfesta i tiltaksform at ein ønskjer at kunst- og kulturinstitusjonane styrker sitt fokus på ungdom som publikum og kulturbrukar. Dette gjeld også for idretts- og friluftslivorganisasjonar – jf innsatsområde 37 og 38.

I innsatsområde 27. Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet er det tiltak i handlingsprogrammet som omhandlar formidling; styrking av kunsttilbodet og arrangørkompetansen i fylket ved kompetanseutveksling og samarbeid mellom større institusjonar og mindre miljø. Her ser ein eit eksempel på eit tiltak som underbygger både KUP-programområde A. og B.

Programområde A vert tilrådd lyst ut / presentert for aktuelle søkjarar slik:

Formidling og deltaking er eit viktig tema for den regionale kulturpolitikken og innsatsområde i PREMISS:KULTUR. Deltaking i kultur- og idrettsaktivitetar er ein måte å høyre til i samfunnet på. Hordaland har eit svært godt og breitt kulturliv, med høg kvalitet og mange spissa kunstuttrykk. Det er eit offentleg ansvar å legge til rette for ein større og breiare bruk av desse mange kulturtilboda, og å oppmuntre og oppmode kulturlivet til å utvikle formidlinga og jobbe for å auke deltaking og bruk. God og nyskapande formidling og aktiv deltaking er ei forutsetning for eit levande kultur- og idrettsliv. Det er viktig å heile tida vidareutvikle dette på generelt grunnlag og gje høve til utprøving og pilotprosjekt gjennom KUP.

Dette handlar også om å nå nye brukarar. Dette er eit sosialt ansvar / samfunnsansvar. Nye typar kulturbrukarar og deltakarar er også naudsynt for utvikling av kunstuttrykket og kulturen i seg sjølve.

Det ligg ei stor forplikting i dette: *«Hordalandssamfunnet skal ha eit mangfaldig kulturliv der menneske med ulike livsyn, frå alle sosiale lag, økonomiske livssituasjonar, fysiske og psykiske føresetnader er synlege og deltek.»* Både grupper og enkeltpersonar frå ulike samfunnslag og med ulik kulturell bakgrunn, kan oppleve barrierar og utfordringar i møte med kultur- og idrettslivet. Desse kan vere fysiske, mentale eller økonomiske.

Dette programområdet skal, jmf. Regional kulturplan m/ handlingprogram, særleg rettast inn mot tiltak og prosjekt som:

- Prøver ut nye former for formidling
- Prøver ut metodar og tiltak for auka deltaking og publikumsutvikling
- Styrker mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild tilrettelegging
- Tilrettelegg informasjon for ulike brukargrupper
- Styrkar kunst- og kulturinstitusjonane og idretts- og friluftslivorganisasjonane sitt fokus på ungdom som publikum, deltakar og kulturbrukar

B.Samordning og samhandling

Samordning og samhandling er tittelen på kap. 4.4. i PREMISS: KULTUR, men temaet er også del av dei andre kapitla og innsatsområda. Som regional utviklar har fylkeskommunen eit særskilt ansvar: *«Det regionale nivået må medverke til å skape nettverk, etablere møtestader og gje tilbod om kompetanseutvikling, utveksling av røynsle og stimulering av tiltak av regional karakter.»*(4.4.) Jfr kap. 4.4: *«Også samhandling på tvers av tradisjonelle fagfelt innan kulturområdet er eit vesentleg tema. (...) Eit viktig mål må vere å utnytte felles ressursar betre gjennom samarbeid og samordning.»*

«Kulturplanen føreset ein kunnskapsbasert kulturpolitikk. Kompetansebehov innan kulturfeltet skal fortløpande vurderast og samarbeid søkast mot forskings- og utdanningsinstitusjonane. Læring er ein viktig del av arbeidet til mange frivillige organisasjonar. Kulturpolitikken skal stimulere til livslanglæring ved å legge til rette for organiserte læringsaktivitetar også ved sida av det formelle utdanningssystemet. Kompetansenettverk bør utviklast og stimulerast.(...)»

Det å utvikle og ta i bruk ny kunnskap er avgjerande for å kunne møte morgondagens utfordringar. Gjennom samhandling mellom høgskule, universitet, helseføretak, kommunar, fylkeskommunen og dei frivillige organisasjonane kan ein skape relevant FoU arbeid, studietilbod/kurs og praksis. Såleis kan ein sikre offentleg, privat og frivillig sektor auka tilgang på naudsynt kompetanse for ønskt aktivitets- og anleggsutvikling» (kulturplanen s. 51).

Jfr innsatsområde Kunstformidling og kunstproduksjon:

«Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for vekst i det frie profesjonelle kulturlivet og institusjonane, og ser at felles løysingar og grenseoverskridande samarbeid kan vere ein god veg å gå. Fylkeskommunen ønskjer å satse på tiltak som kjem fleire kunstnarar og kulturaktørar til gode. Det er viktig at dette er opne og inkluderande tiltak og møtestader.

... Fylkeskommunen har eit medansvar for å bidra til at regionen byr på gode arbeidsforhold for kunstnarar og kulturarbeidarar, og å motverke kunstnarflukt. Som regional utviklar må fylkeskommunen kunne tilby kompetanse og verkemiddel på kunstfeltet gjennom ein målretta kunstpolitikk. I planperioden er det ei målsetting å styrke det fylkeskommunale engasjementet for å vidareutvikle eit sterkt og sjølvstendig kunstliv i regionen. Dette gjeld institusjonane så vel som det frie feltet, m.a. gjennom å støtte og utvikle fylkesfemnande tiltak for bransje- og kunstnarutvikling.

(...)Institusjonane har stort potensial til å vidareformidle kompetanse, og det kan ligge store synergieffektar i samarbeid mellom dei større etablerte, og den friare delen av kunstlivet. Det må søkast ein balanse mellom det frie feltet og den institusjonaliserte delen av kunstlivet.(...) Som regional utviklar bør Hordaland fylkeskommune satse på fellestiltak og kompetanseutvikling i kunstfeltet, og bidra til fleire arenaer for samhandling og meiningsutveksling.

Når det gjeld amatørkultur seier PREMISS : KULTUR følgjande: «Fylkeskommunen vil kople aktørar, oppmuntre og kan også støtte prosjekt der utøvarar og organisatorar av amatørkultur frå ulike kommunar og/eller felt går saman om erfaringsutveksling, kompetansebygging og andre fellestiltak».

I innsatsområde 7 – «Frivilligheit har dette heilt spesifikke tiltak der ein vil utvikle møteplassar og samarbeidsmodellar der frivillige organisasjonar kan auke kompetansen, utvikle nettverk og samarbeide med offentleg og profesjonell sektor». Den same tanken ligg til grunn for tiltak i dei andre fagovergripande innsatsområda 8. Kulturbasert næringsutvikling, og 14. Kompetanse.

Også dei fagspesifikke innsatsområda i handlingsplanen er samhandling essensielt. M.a. når det gjeld arkiv / lokalhistorie, innsatsområde 27.Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet der ein vil legge til rette for synergieffektar og kompetanseoverføring mellom etablerte institusjonar og det frie profesjonelle feltet og å styrke kunsttilbodet og arrangørkompetansen i fylket ved kompetanseutveksling og samarbeid mellom større institusjonar og mindre miljø. I innsatsområde 28. Amatørkultur – har ein prioriterte tiltak som går på å styrke organisering, kompetanse og samhandling på amatørkulturfeltet og å legge forholda til rette for samarbeid mellom amatørkulturfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturlivet. Under innsatsområde 36 Fysisk aktivitet er det tiltak for å legge til rette aktivitetar for grupper som treng særleg tilrettelegging, og å utvikle og gjere tilgjengeleg fagkompetanse innan fysisk aktivitet.

Programområde B vert tilrådd lyst ut / presentert for aktuelle søkjarar slik:

Hordaland fylkeskommune meiner at betre samordning og større samhandling er ein god veg å gå for å vidareutvikle kultur- og idrettslivet i fylket. «Kulturpolitikken skal legge til rette for at det

profesjonelle kulturlivet og institusjonar på feltet skal styrke sin eigenart, og fremme samarbeid og fellesløyser. Utvikling av partnerskap mellom ulike fagmiljø og kulturaktørar, vil vere eit viktig verkemiddel for bygging og utveksling av kompetanse».(PREMISS : KULTUR)

Kompetansebygging og –deling er slik ein viktig del av dette programområdet, og dette kan vere på ulike nivå, med ulike metodar og innan ulike fag, kulturfelt og kunststartar. Gjennom regional kulturplan har Hordaland fylkeskommune forplikta seg på å bidra til utvikling og stimulering av kompetansenettverk og kulturpolitikken skal legge til rette for utvikling av arenaer, nettverk og samarbeid på tvers av ulike kulturfelt for kunnskaps- og erfaringsutveksling.

Når det gjeld kunstproduksjon og formidling er det formulert i kulturplanen at fylkeskommunen ønskjer å satse på tiltak som kjem fleire kunstnarar og kulturaktørar til gode, og det er viktig at dette er opne og inkluderande tiltak og møtestader.

Gjennom samordning og samhandling kan ein såleis vere med på å bygge ein betre infrastruktur for kunst- og kulturlivet i fylket, som vil styrke både den skapande og den formidlande delen.

Dette programområdet skal, jmf. Handlingsplan knytt til regional kulturplan, særleg rettast inn mot tiltak og prosjekt som:

- utviklar tenlege plattformer for dialog, nettverk, samarbeid og kompetanse
- utviklar møteplassar og samarbeidsmodellar der frivillige organisasjonar kan auke kompetansen, utvikle nettverk og samarbeide med offentleg og profesjonell sektor
- legg til rette for synergieffektar og kompetanseoverføring mellom kommunar, frivillige organisasjonar, etablerte institusjonar og det frie profesjonelle feltet
- styrker kunsttilbodet og arrangørkompetansen i fylket ved kompetanseutveksling og samarbeid mellom større institusjonar og mindre miljø
- legg forholda til rette for samarbeid mellom amatørkulturfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturlivet.
- utviklar pilotprosjekt er tverrfaglege og som fremjer fellesproblemstillingar som knyt saman idretts- og kunstlivet.

C. Kunstløft / kunstnarleg nyskaping

Tilrådinga til programområde C er omtala i avsnitt tidlegare og her vidare grunngitt. Dette programområdet skal rette seg heilt spesifikt inn mot det profesjonelle kunstlivet med høve til å søkje støtte til produksjon. PREMISS : KULTUR slår fast at: *«Kunstlivet i heile fylket skal utviklast, og Hordaland fylkeskommune skal ta ein sterkare kunstpolitisk ansvar, med utvikling av ein meir markant kunstpolitikk».*

Hordaland fylkeskommune sin innsats har tradisjonelt i størst grad vore tilpassa situasjonen i kultur- og kunstlivet då dei etablerte institusjonane var udiskutabelt sterkast. Det har etter kvart grodd fram eit sterkt og profesjonelt kunstmiljø også innan det frie feltet, og fylkeskommunen ønskjer å kome denne utviklinga betre i møte. Kulturplanen slår fast i innsatsområde 27 - kunstløftet at vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast, og at ein søker ein betre balanse mellom det frie profesjonelle kunstfeltet og det institusjonelle. Det er ein intensjon at regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder, og det er mange kunstnarar innan ulike kunststartar som strever med å kunne finansiere spesielt produksjonen av nye verk. Der er stor aktivitet og kvalitet blant kunstnarane i fylket som treng å støttast om ein skal oppretthalde og vidareutvikle det høge kunstnarlege nivået ein finn blant kunstnarar innan mange kunststartar.

Kunsten er lokal og global. Det skal søkast å utvikle eit internasjonalt kunstliv i heile fylket. Kulturplanen slår fast at det er eit særleg ansvar for det offentlege å gjere det mogleg å utvikle også det smale kunstnarlege uttrykket. Fylkeskommunen har eit medansvar for å bidra til at

regionen byr på gode arbeidsforhold for kunstnarar og kulturarbeidarar, og å motverke kunstnarflukt.

Det er også vedteke i form av tiltak i handlingsplanen å styrke det kunstpolitiske programområdet innanfor Kulturelt utviklingsprogram i(2015 – 2016).

I programområde C. Kunstløft - kunstnarleg nyskaping er det den kunstnarlege kvaliteten som skal vege tyngst. Kunstprosjekt kan også vere relevant innan dei andre programområda, men då skal dei i hovudsak vurderast ut frå ein meir strukturell, breiare samfunnsmessig synsvinkel. Iverksetting av enkeltkunstverk og prosjekt kan ha som ein sideeffekt at dei er med på å utvikle nye strukturar og føre til kompetanseoverføring og –utvikling.

Fylkesrådmannen ser det som viktig å ivareta den armlengds avstanden mellom kunstvurdering og politikk. Difor vert det tilrådd å opprette og gje mandat til ein kunstfagleg komité som skal vurdere søknadane i programområde C ut frå eit reint kunstnarleg synspunkt. Det politiske ansvaret er å kanalisere midlar inn til eit prioritert felt med overordna føringar, og deretter la ein kunstfagleg komité utføre sine vurderingar ut frå eit kunstnarleg skjønns innan dei rammor politikarane har sett. Ein reint kunstfagleg komité kan også vere positiv for å halde kontakten med og for å følgje med på dei reelle behova og trendane i kunstmiljøet i fylket. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med ei sak om oppretting og innretting av komiteen, og ev. fullmakter til denne.

Programområde C vert tilrådd lyst ut / presentert for aktuelle søkjarar slik:

Programområde C. Kunstløft – kunstnarleg nyskaping er eit programområde i KUP som retter seg heilt spesifikt inn mot det profesjonelle kunstlivet med høve til å søkje støtte til produksjon.

Regional kulturplan slår fast i innsatsområde 27 - Kunstløft at vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast, og at ein søker ein betre balanse mellom det frie profesjonelle kunstfeltet og det institusjonelle. Det er ein intensjon at regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder, og det er mange kunstnarar innan ulike kunststartar som strever med å kunne finansiere spesielt produksjonen av nye verk.

Der er stor aktivitet og kvalitet blant kunstnarane i fylket. Dette må støttast om ein skal oppretthalde og vidareutvikle det høge kunstnarlege nivået ein finn blant kunstnarar innan mange kunststartar. Kunsten er lokal og global. Det skal søkast å utvikle eit internasjonalt kunstliv i heile fylket.

Kulturplanen slår fast at det er eit særleg ansvar for det offentlege å gjere det mogleg å utvikle også det smale kunstnarlege uttrykket. Fylkeskommunen har eit medansvar for å bidra til at regionen byr på gode arbeidsforhold for kunstnarar og kulturarbeidarar, og å motverke kunstnarflukt.

Dette programområdet skal rettast inn mot tiltak og prosjekt innan alle kunststartar som:

- er av høg kunstnarleg kvalitet
- utviklar kunstlivet i fylket innan si kunststart
- utforskar nye samarbeid og samspelsformer mellom ulike kunststartar og kulturformer.
- som kan vere synleg

Vurderingskriteria, andre vilkår og prosedyre for KUP

Fylkesrådmannen tilrår at ein elles vidarefører vurderingskriterier, andre vilkår og prosedyre for KUP slik den har vore dei tidlegare åra, med grunnlag i politisk sak 83 / 09 *Igangsetting av kulturelt utviklingsprogram*. Kriteria, vilkåra og prosedyren har vore opplevd hensiktsmessige og relevante, og harmonerer godt med regional kulturplan. Søknader vil no også verte vurdert opp

mot konkrete tiltak i handlingsplanen til PREMISS : KULTUR, og søker vert gjort merksam på dette med link til PREMISS : KULTUR og tilhøyrande handlingsplan.

Ved den skjønsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på:

- i kva grad prosjektet har resultat som bidreg til å oppfylle mål i programområdet
- i kva grad prosjektet er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- i kva grad prosjektet har betydning for større regionar, heile fylket eller Vestlandet
- i kva grad prosjektet har eit høgt kvalitativt nivå
- i kva grad prosjektet vil føre til meirverde for kultursektoren
- i kva grad prosjektet klarer å bli synleg
- i kva grad prosjektet kan seiast å ha berekraft og gjennomføringsevne
- i kva grad ein har lukkast med å samarbeide med andre og på tvers av sjangrar, fag og sektorar.
- i kva grad ein har tatt med vurdering av eventuell drift av tiltaket etter prosjektperioden (varig drift)
- i kva grad ein kan oppnå full prosjektfinansiering (nasjonal/internasjonale)

Fylkesrådmannen ser desse vurderingskriteria som tydelege og at dei er med på å oppfylle intensjonen om at søknadsprosessen vert transparent og objektiv.

Info om dette, anna informasjon om vilkår og prosedyre ligg tilgjengeleg på www.hordaland.no. Der ligg det også presentasjonar av prosjekt som har fått KUP-tildeling tidlegare år.